



Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen

HANDBOK FOR SKULEKOORDINATOREN

European Schoolnet

Service d'Approches Quantitatives des faits éducatifs

Innhold

Introduksjon	2
1. OVERSIKT OVER ORGANISERINGA AV KARTLEGGINGA	3
2. ANSVARSOMRÅDE OG OPPGÅVER	5
3. KONTAKTINFORMASJON	6
4. OPPGÅVE 0: GÅ INN PÅ NETTSTADEN SOM SKULEKOORDINATOR	7
5. OPPGÅVE 1: UTVELJING AV KLASSA/KLASSENE	7
a) KOLONNE 1: «NAMNET PÅ KLASSA»	8
b) KOLONNE 2: «TALET PÅ ELEVAR I DENNE KLASSA»	9
c) KOLONNE 3: «TALET PÅ FRITEKNE ELEVAR»	9
6. OPPGÅVE 2: Å VELJE UT LÆRAREN/LÆRARANE	10
A) Å IDENTIFISERE LÆRARANE	10
B) Å NUMMERERE AKTUELLE LÆRARAR	11
7. OPPGÅVE 3: ADMINISTRERING	13
A) ADMINISTRERING AV ELEVANE SINE SPØRJESKJEMA (IKKJE 5. KLASSE)	13
B) ADMINISTRERING AV LÆRARANE OG REKTOREN SINE SPØRJESKJEMA	14
8. OPPGÅVE 4: OPPFØLGING AV KARTLEGGINGA	14
VEDLEGG A: BREV OG SKJEMA FOR FORELDRESAMTYKKE	15
VEDLEGG B: BREV TIL FORELDRA	16
VEDLEGG C: LÆRARBREV	17



**European Commission
Information Society and Media**

Synspunkta som kjem til uttrykk i dette verket, står for bidragsytarane si rekning og speglar ikkje nødvendigvis synspunkta til Europakommisjonen.

Denne kartlegginga er gjort på oppdrag frå Europakommisjonen, Generaldirektoratet for informasjonssamfunnet og media.

© Europakommisjonen 2011

Introduksjon

Formålet med denne handboka er å rettleie skulekoordinatoren gjennom dei to hovudoppgåvene som skal utførast av skulane som deltek i Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen (European Survey of Schools: ICT in Education, ESSIE): å identifisere respondentane og å organisere datainnsamlinga.

Formålet med ESSIE er å evaluere framstega som er gjort innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i undervisninga i 31 europeiske land. Vi kjem til å gjennomføre nettbaserte spørjeundersøkingar av rektorar, lærarar og elevar (berre elevar på ungdomssteget eller i vidaregåande opplæring) om tilgangen til, bruken av og haldningar til IKT-teknologi i undervisninga.

For å kunne samanlikne IKT-framsteg i dei ulike landa er det svært viktig at vi får gode og representative utval av skular og menneske i kvart land. Berre respondentar som er korrekt utvalde og representative, kan gi internasjonalt samanliknbare funn.

ESSIE-kartlegginga skal samle inn data på tre nivå:

1. skulenivå,
2. klasseroms-/lærarnivå og
3. elevnivå (ikkje i 5. klasse - barnesteget).

Det er svært viktig at du held deg til prosedyrane som blir omtala i denne handboka, slik at vi får internasjonale data som er gyldige og kan samanliknast. Ved behov kan du få støtte frå den nasjonale koordinatoren din.

Takk for at du stiller opp!

1. OVERSIKT OVER ORGANISERINGA AV KARTLEGGINGA

I denne kartlegginga skal det samlast inn data frå skular (gjennom rektorane), klasserom (gjennom lærarane) og elevar i 5. klasse (barnesteget), 9. klasse (ungdomssteget) og 2. klasse VGO Studieførebuande utdanningsprogram/ 2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram (vidaregåande skule, studiespesialisering/yrkesfag). Av praktiske grunnar skal ingen elevar frå 5. klasse delta i kartlegginga.

Den generelle organiseringa av Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen (ESSIE) blir vist i tabell 1. Skulen din har blitt vald ut for eitt (eller kanskje fleire) undervisningsnivå. Fokuser på undervisningsnivået (eller undervisningsnivåa) som er blitt valde ut på skulen din. Fokuser til dømes berre på kolonnen for 5. klasse dersom skulen har blitt vald ut på dette nivået.



Legg merke til at det utvalte trinnet er det tredje sifferet i den ID

1 :	« ISCED level 1 »	5. klasse [barnesteget]
2 :	« ISCED level 2 »	9. klasse [ungdomssteget]
3 :	« ISCED level 3 academic »	2. klasse VGO Studieførebuande utdanningsprogram
4 :	« ISCED level 3 vocational »	2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram

Til dømes: ID :38203102 →2 9. klasse [ungdomssteget]

Tabell 1. Oversikt over organiseringa av kartlegginga

Klassesteg		5. klasse [barnesteget]	9. klasse [ungdomssteg et]	2. klasse VGO Studieførebuande utdanningsprogram	2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogr ram
Skular i landa	Skular	Tal=300 i kvart land	Tal=300 i kvart land	Tal=300 i kvart land	Tal=300 i kvart land
Kven svarer Kva for eit skjema blir brukt?	Rektorar	Spørjeskjema for rektorar	Spørjeskjema for rektorar	Spørjeskjema for rektorar	Spørjeskjema for rektorar
Klasser¹ i skulane	Klasser	Tal=1 per skule	Tal=1 per skule	Tal=1 per skule	Tal=1 per skule
Kven svarer?	Lærarar	Tal=1 per skule	Tal=3 per skule	Tal=3 per skule	Tal=3 per skule
Kva for eit skjema blir brukt?		Spørjeskjema for lærarar	Spørjeskjema for lærarar	Spørjeskjema for lærarar	Spørjeskjema for lærarar
Elevlar i klassene	Elevlar	Tal=0	N=alle elevlar i den utvalde klassa	N=alle elevlar i den utvalde klassa	N=alle elevlar i den utvalde klassa
Kven svarer?					
Kva for eit skjema blir brukt?		Ingen spørjeskjema for elevlar	Spørjeskjema for elevlar	Spørjeskjema for elevlar	Spørjeskjema for elevlar

Tabell 2 gir deg meir informasjon om dei ulike spørjeskjemaa som skal fyllast ut på kvart undervisningsnivå, og kven som skal fylle dei ut.

Tabell 2. Beskrivingar av spørjeskjemaa som skal fyllast ut i samsvar med undervisningsnivået

<p>5. klasse [barnesteget]</p> <p>Spørjeskjemaet for rektorar skal fyllast ut på nettet av <u>rektor</u> på skulen. Rektor kan få hjelp frå IKT-koordinator for skulane (eller tilsvarande) til utfylling av spørsmål om tekniske sider, om nødvendig.</p> <p>Spørjeskjemaet for lærarar skal fyllast ut på nettet av <u>læraren</u> som har hovudansvaret for klassa. Dersom fleire enn éin lærar har hovudansvaret, vil ein av lærarane bli tilfeldig trekt ut (sjå nedanfor i beskrivinga av oppgåve 2).</p> <p>Det er ikkje noko <u>spørjeskjema for elevlar</u>.</p> <p>9. klasse [ungdomssteg]</p>
--

¹ I mindre land kan to klasser bli tatt med i utvalet for å auke datamengda.

Spørjeskjemaet for rektorar skal fyllast ut på nettet av rektor på skulen. Rektor kan få hjelp frå IKT-koordinator for skulen (eller tilsvarande) til utfylling av spørsmål om tekniske sider, om nødvendig.

Spørjeskjemaet for lærarar skal fyllast ut på nettet av tre lærarar (éin naturfaglærer, éin mattelærer og éin språklærer i hovudspråket som blir brukt i undervisninga) frå den utvalde klassa. Dersom det er fleire enn éin naturfag- eller mattelærer, blir berre éin av naturfag- eller mattelærarane tilfeldig trekt ut (sjå nedanfor i beskrivinga av oppgåve 2). Det vil likevel først vere nødvendig å definere kva ein meiner med ei «klasse», dette fordi elevar gjerne vekslar frå éi klasse til ei anna ut frå faget (sjå nedanfor i beskrivinga av oppgåve 1).

Spørjeskjemaet for elevar skal fyllast ut på nettet av alle elevar i den utvalde klassa.

2. klasse VGO Studieførebuande utdanningsprogram (vidaregåande skule, studiespesialisering)

Spørjeskjemaet for rektorar skal fyllast ut på nettet av rektor på skulen. Rektor kan få hjelp frå IKT-koordinatoren for skulen (eller tilsvarande) til utfylling av spørsmål om tekniske sider, om nødvendig.

Spørjeskjemaet for lærarar skal fyllast ut på nettet av tre lærarar (éin naturfaglærer, éin mattelærer og éin språklærer i hovudspråket som blir brukt i undervisninga) frå den utvalde klassa. Dersom det er fleire enn éin naturfag- eller mattelærer, blir berre éin av naturfag- eller mattelærarane tilfeldig trekt ut (sjå nedanfor i beskrivinga av oppgåve 2). Det vil likevel først vere nødvendig å definere kva ein meiner med ei «klasse», dette fordi elevar gjerne vekslar frå éi klasse til ei anna ut frå faget (sjå nedanfor i beskrivinga av oppgåve 1).

Spørjeskjemaet for elevar skal fyllast ut på nettet av alle elevar i den utvalde klassa.

2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram (vidaregåande skule, yrkesfag)

Spørjeskjemaet for rektorar skal fyllast ut på nettet av rektor på skulen. Rektor kan få hjelp frå IKT-koordinatoren for skulen (eller tilsvarande) til utfylling av spørsmål om tekniske sider, om nødvendig.

Spørjeskjemaet for lærarar skal fyllast ut på nettet av dei tre lærarane som har flest undervisningstimar med den utvalde klassa (sjå nedanfor i beskrivinga av oppgåve 2). Det vil likevel først vere nødvendig å definere kva ein meiner med ei «klasse» (sjå nedanfor i beskrivinga av oppgåve 1).

Spørjeskjemaet for elevar skal fyllast ut på nettet av alle elevar i den utvalde klassa.

2. ANSVARSOMRÅDE OG OPPGÅVER

Du vil ha ansvaret for

- 1) å skaffe til veges informasjon om lærarar, klasser og elevar på skulen din – informasjonen gjer systemet i stand til automatisk å velje kven som skal delta i kartlegginga
- 2) å utføre administrasjonsoppgåver i samband med kartlegginga.

I dei følgjande kapitla vil vi 1) opplyse deg om kva for informasjon vi treng, og korleis han skal tastast inn på nettstaden, og 2) gi deg ei stegvis rettleiing i å utføre kartlegginga og å gjere oppfølgingsoppgåvene.

Tabell 3 gir deg ei oversikt over oppgåvene som du må utføre i denne kartlegginga.

Tabell 3. Oversikt over oppgåvene til skulekoordinatoren

	Namnet på oppgåva	Beskriving av oppgåva	Tidsperiodar (avhengig av når skuleåret startar)
Oppgåve 0	Gå inn på nettstaden for kartlegginga	Logg deg inn på nettstaden for kartlegginga	august-oktober
Oppgåve 1	Utveljing av klassa/klassene	Før opp alle klassene på det aktuelle klassesteget	august-oktober
Oppgåve 2	Utveljing av læraren/lærarane	Finn fram til læraren eller lærarane som skal fylle ut spørjeskjemaa	august-oktober
Oppgåve 3	Administrering	– send brev til foreldra, om nødvendig – organiser utfyllingsøker for elevane, slik at dei får fylt ut spørjeskjemaa (ikkje i 5. klasse - barnesteget). – del ut brukar-ID (brukarnamn) og passord til lærarar og rektorar, slik at dei får fylt ut spørjeskjemaa	oktober-november
Oppgåve 4	Oppfølging	Sørg for at alle deltakarane har fylt ut spørjeskjemaa	oktober-november

3. KONTAKTINFORMASJON

Dersom du har spørsmål i samband med utveljinga av lærarar og klasser, så ikkje nøl med å kontakte den nasjonale koordinatoren.

Din nasjonale koordinator er

Namn	E-postadresse
Ove Edvard Hatlevik	essie-no@eun.org

4. OPPGÅVE 0: GÅ INN PÅ NETTSTADEN SOM SKULEKOORDINATOR

Gå til ESSIE-nettstaden og logg deg inn med brukar-ID-en og passordet som blei sendt på e-post til deg som skulekoordinator.



Dersom skulen din har blitt vald ut for fleire enn eitt klassesteg, må du hugse å bruke rett brukar-ID og passord for rett klassesteg (dei er forskjellige for kvart steg). **Dersom du er skulekoordinatoren for fleire enn eitt klassesteg, må du gjere oppgåvene for dei enkelte klassestega for seg.**

5. OPPGÅVE 1: UTVELJING AV KLASSA/KLASSENE

For å velje ut klassene oppgir du først talet på aktuelle klasser på klassesteget og fyller deretter ut «klasseskjemaet» på nettet.

Tabell 4 viser eit eksempel på eit tomt klasseskjema. For å fylle ut dette skjemaet må du:

- oppgi namnet på klassa (kolonne 1)
- oppgi talet på elevar i klassa (kolonne 2)
- oppgi talet på fritekne elevar, om relevant (kolonne 3)

Tabell 4. Eksempel på eit tomt klasseskjema

Class Name	Total number of target students	Number of excluded students
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

a) KOLONNE 1: «NAMNET PÅ KLASSA»

Kolonne 1 vil innehalde lista over klassene på skulen din på det aktuelle klassesteget som skal delta i kartlegginga. Følg instruksane nedanfor i samsvar med undervisningsnivået du har ansvaret for.

5. klasse [barnesteget]

1. Før opp alle klassene på skulen som har elevar på 5. klassesteget.
2. Gi kvar av klassene eit eintydig klassenamn som gjer at dei kan identifiserast.

9. klasse [ungdomsteget]

Det kan hende at elevane flyttar seg frå éi klasse til ei anna, avhengig av faget. Derfor må vi definere kva vi meiner med ei klasse. I denne kartlegginga definerer vi ei klasse som elevgruppa innan hovudspråket for undervisninga på denne skulen.

1. Før opp alle «hovudspråk for undervisninga»-klassene som inneheld elevar på 9. klassesteget.
2. Gi kvar av klassene eit eintydig klassenamn som gjer at dei kan identifiserast.

2. klasse VGO Studieførebuande utdanningsprogram

Det kan hende at elevane flyttar seg frå éi klasse til ei anna, avhengig av faget. Derfor må vi definere kva vi meiner med ei klasse. I denne kartlegginga definerer vi ei klasse som elevgruppa innan hovudspråket for undervisninga på denne skulen.

1. Før opp alle «hovudspråk for undervisninga»-klassene som inneheld elevar på 2. klasse VGO Studieførebuande utdanningsprogram.
2. Gi kvar av klassene eit eintydig klassenamn som gjer at dei kan identifiserast.

2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram

Det kan hende at elevane flyttar seg frå éi klasse til ei anna, avhengig av faget. Derfor må vi definere kva vi meiner med ei klasse. I denne kartlegginga definerer vi ei klasse som elevgruppa innan

hovudspråket for undervisninga på denne skulen.

Dersom denne definisjonen ikkje er mogleg fordi språkundervisning ikkje er eit obligatorisk fag for yrkesfaglege elevar på skulen din, kan til dømes den administrative eininga for klassa brukast, eller eit alternativ som du blir einig om med den nasjonale koordinatoren din.

1. Før opp alle «hovudspråk for undervisninga»-klassene som inneheld elevar på 2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram.
2. Gi kvar av klassene eit eintydig klassenamn som gjer at dei kan identifiserast.

b) KOLONNE 2: «TALET PÅ ELEVAR I DENNE KLASSA»

Tast inn elevtalet for kvar klasse. Dersom nokre av klassene har elevar på ulike klassesteg, til dømes på 4./5. klassesteget i barneskulen, bør berre eleven på 5. klasse teljast med.

5. klasse (barnesteget)

Sjølv om ingen elevar på dette undervisningsnivået skal fylle ut eit spørjeskjema, må du likevel fylle ut talet på elevar i kvar klasse på 5. klassesteget. Grunnen til det er at data som blir samla inn frå lærarane, vil bli kopla saman med talet på elevar.

Hugs å ta med alle elevane i klassa i kolonne 2, også dei som ikkje er i stand til å fylle ut noko spørjeskjema (sjå neste seksjon).

c) KOLONNE 3: «TALET PÅ FRITEKNE ELEVAR»

Det kan hende du vil bestemme deg for å frita ei viss mengd elevar i dei enkelte klassene, eller å frita heile klasser, av følgjande tre hovudgrunnar:

1. **Framandspråklege elevar:** Dette er elevar som ikkje vil vere i stand til å overkomme språkbarrieren i spørjeskjemaet. Ein tommeltottregel er å frita ein elev som har fått mindre enn eitt års undervisning i språket som blir brukt i spørjeskjemaet.
2. **Elevar med alvorlege lærevanskar:** Dette er elevar som rektor på skulen eller anna kvalifisert personell på fagleg grunnlag vurderer til å vere intellektuelt ute av stand til å fylle ut spørjeskjemaet.
3. **Rørslehemma elevar:** Dette er elevar som er permanent rørslehemma på ein slik måte at dei ikkje kan fylle ut spørjeskjemaet. Du kan sjølvstilt velje å la slike elevar delta ved å få ein annan til fysisk å fylle ut spørjeskjemaet for dei.

Forsøk å minimere talet på fritekne elevar og klasser.

Fyll ut talet på fritekne elevar i den tredje kolonnen i klasseskjemaet.

Tabell 5 viser eit eksempel på eit utfylt klasseskjema.

Tabell 5: Eksempel på eit utfylt klasseskjema

Class Name	Total number of target students	Number of excluded students
Class1	32	4
Class2	21	1
Class3	35	2
Class4	28	1

Når du har forsikra deg om at lista er nøyaktig utfylt, **send inn lista for statistisk utveljing ved å klikke på «UTVELJING»-cella**. Datasystemet trekkjer ut ei tilfeldig klasse og fortel deg kva for ei det er. Den tilfeldige uttrekkinga av klassene på kvar skule blir altså utført automatisk av datasystemet. **Ver nøye: når du har klikka på «UTVELJING»-cella, kan du ikkje gå tilbake og endre på informasjonen, sjølv om du har gløymt ei klasse.**

Den utvalde klassa blir vist på skjermen og blir også sendt til deg på e-post.

6. OPPGÅVE 2: Å VELJE UT LÆRAREN/LÆRARANE

Når du skal velje ut lærarane, må du først fylle ut «lærarskjemaet». Dette omfattar

- 1) å identifisere lærarar, og
- 2) å nummerere aktuelle lærarar.

a) Å IDENTIFISERE LÆRARANE

Lærarane skal identifiserast ut frå undervisningsnivået.

5. klasse [barnesteget]

Du må velje ut læraren som har hovudansvaret for den utvalde klassa. Dersom fleire enn éin lærar har hovudansvaret for klassa, skal begge lærarane førast opp på «lærarskjemaet».

9. klasse [ungdomsteget]

Det skal veljast ut tre lærarar som skal fylle ut spørreskjemaet: éin mattelærar, éin naturfaglærar og éin lærar i hovudspråket for undervisninga.

Alle som er mattelærarar, naturfaglærarar og lærarar innan hovudspråket for undervisninga, og som underviser ein vilkårleg elev i den utvalde klassa, skal førast opp på «lærarskjemaet». Naturfag omfattar kjemi, fysikk, biologi og geografi (dersom det blir undervist i desse faga separat).

2. klasse VGO Studieførebuaende utdanningsprogram

Det skal veljast ut tre lærarar som skal fylle ut spørjeskjemaet: éin mattelærer, éin naturfaglærer og éin lærar i hovudspråket for undervisninga.

Alle som er mattelærarar, naturfaglærarar og lærarar innan hovudspråket for undervisninga, og som underviser ein vilkårleg elev i den utvalde klassa, skal først opp på «lærarskjemaet». Naturfag omfattar kjemi, fysikk, biologi og geografi (dersom det blir undervist i desse faga separat).

2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram

Du må identifisere dei tre lærarane som har flest undervisningstimar med elevane. Dette betyr at det ikkje skjer noka utveljing på 2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram, og derfor treng du ikkje å fylle ut eit «lærarskjema».

b) Å NUMMERERE AKTUELLE LÆRARAR

For å sikre personvernet ber vi om at du ikkje skriv inn læraren sitt namn på «lærarskjemaet» (slik du gjorde med klassa). Vi ber berre om at du gir opp talet på lærarar som blei identifisert i førre avdeling.

5. klasse [barnesteget]

På dette nivået er det vanlegvis berre éin lærar per klasse, i nokre tilfelle to (t.d. deltidsarbeidande).

9. klasse [ungdomssteget]

Talet på lærarar for tre fag («hovudspråket for undervisninga», naturfag og matte) bør først opp for seg (talet på lærarar for «hovudspråket for undervisninga», talet på naturfaglærarar og talet på mattelærarar). Merk at naturfag omfattar kjemi, fysikk, biologi og geografi.

2. klasse VGO Studieførebuaende utdanningsprogram

Talet på lærarar for tre fag («hovudspråket for undervisninga», naturfag og matte) bør først opp for seg (talet på lærarar for «hovudspråket for undervisninga», talet på naturfaglærarar og talet på mattelærarar). Merk at naturfag omfattar kjemi, fysikk, biologi og geografi.

2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram

Du bør velje ut dei tre lærarane som har flest undervisningstimar med elevane. Dette betyr at det ikkje skjer noka tilfeldig trekking på 2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram, og derfor treng du ikkje å fylle ut eit «lærarskjema».

Tabell 6 viser eit eksempel på eit lærarskjema for vidaregåande opplæring (allmennfagleg).

Tabell 6. Eksempel på eit utfylt lærarskjema

Sampled class: class 3			
	Main language of instruction	Mathematics	Science
Number of teacher(s)	1	2	2

Når du har forsikra deg om at lista er nøyaktig utfylt, **send inn lista for utveljing ved å klikke på «UTVELJING»-cella**. Etter at det utfylte lærarskjemaet har blitt sendt inn for utveljing, oppgir datasystemet ein bokstav. Den utvalde læraren (dvs. læraren du kjem til å kontakte og be om å delta) er altså den læraren som har eit etternamn som begynner på den oppgitte bokstaven, eller som begynner på neste bokstav i alfabetisk rekkjefølgje. Dersom det er to lærarar med etternamn som begynner på same bokstav, er den utvalde læraren den som har det etternamnet som kjem først i alfabetisk rekkjefølgje.

5. klasse [barnesteget]

Systemet oppgir éin bokstav.

9. klasse [ungdomssteget]

Systemet oppgir tre bokstavar (éin kvar for «hovudspråket for undervisninga»-, naturfag- og mattelærer).

2. klasse VGO Studieførebuande utdanningsprogram

Systemet oppgir tre bokstavar (éin kvar for «hovudspråket for undervisninga»-, naturfag- og mattelærer).

2. klasse VGO Yrkesfagleg utdanningsprogram

Systemet oppgir ikkje bokstavar, fordi du alt har identifisert dei tre lærarane som har flest undervisningstimar med elevane.

La oss sjå på eit eksempel (sjå tabell 6).

Dersom klasse "class 3" har blitt vald, skal du føre opp talet på «hovudspråket for undervisninga»-, naturfag- og mattelærarar for seg. Sei at det i klasse "class 3" er éin «hovudspråket for undervisninga»-lærer, to mattelærarar og to naturfaglærarar. Etter at du har sendt inn skjemaet, oppgir systemet éin bokstav kvar for naturfag- og mattelærarane, men ingen for morsmållæraren, fordi det ikkje var nødvendig der (sjå tabell 7). Den einaste «hovudspråket for undervisninga»-læraren blir vald ut for å fylla ut spørreskjemaet for lærarane. Den utvalde mattelæraren er læraren med etternamn som begynner på M. Dersom det ikkje finst ein slik lærar, vel du læraren med etternamn som begynner på N. Dersom det ikkje finst ein slik lærar, vel du læraren med etternamn som begynner på O, osv. Dersom det er to mattelærarar med etternamn som begynner på M, skal ein velje læraren med det etternamnet som kjem først i alfabetisk rekkjefølgje. Ein liknande framgangsmåte gjeld for naturfaglæraren.

Merk at du ikkje treng å gjere denne utvalsprosessen med rektor på skulen, fordi det vanlegvis berre er éin rektor per skule.

Tabell 7. Eksempel på eit utfylt lærarskjema

Sampled class: class 3			
	Main language of instruction	Mathematics	Science
Sampled teachers	Only one	M	B

7. OPPGÅVE 3: ADMINISTRERING

Etter at klassene og lærarane har blitt utvalde, får du ein automatisk e-post med brukar-ID og passord for rektor og dei elevane og lærarane som skal delta i kartlegginga. Systemet lagar brukar-ID og passord automatisk for å sikre dataanonymitet.

Vi reknar med at **det vil ta rundt 15–20 minutt å fylle ut spørjeskjema på nettet.**

Administrasjonssystemet vil vere tilgjengeleg på nettet i fire veker, før det blir stengt i slutten av november.

a) ADMINISTRERING AV ELEVANE SINE SPØRJESKJEMA (IKKJE 5. KLASSE)

Nokre veker før du set i gang med administreringa, vil du kanskje ønskje å dele ut enten «Brev og skjema for foreldresamtykke» (sjå vedlegg A) eller «Brev til foreldra» (sjå vedlegg B) til alle dei aktuelle elevane. I mange land er det enten vanleg høflegheit eller obligatorisk å informere foreldre om slike kartleggingar og/eller få deira samtykke i at barna deira kan delta. Dersom det er påkravd i ditt land å spørje om samtykke til deltaking, bruk «Brev og skjema for foreldresamtykke». Dersom det enten er vanleg høflegheit eller obligatorisk å orientere foreldra om kartlegginga, bruk «Brev til foreldra». Utkast til begge variantane finst lengst bak i denne handboka, og du kan sjølvstendig endre på formuleringane som blir brukt der.

Vi råder deg til å halde éi utfyllingsøkt for elevane, slik at minst mogleg undervisningstid går tapt. Det kan likevel vere nødvendig å halde fleire utfyllingsøktar, dersom det er færre datamaskinar med Internett-tilgang enn elevar i klassa, eller dersom nokre av elevane var borte på grunn av sjukdom eller ulik timeplan (dette skjer særleg i yrkesfagleg opplæring).

For å spare tid anbefaler vi at du opnar dei individuelle øktene på kvar datamaskin, ved å bruke elevane sine brukar-ID-ar og passord før elevane kjem inn i klasserommet. **For å unngå misbruk må du ikkje dele ut brukar-ID-ane og passorda til elevane. Elevar har ikkje lov til å fylle ut spørjeskjema heimanfrå eller frå andre stader utan tilsyn frå skulekoordinatoren.**

Vi foreslår at du står klar til å hjelpe elevane i å fylle ut skjema, i tilfelle dei har spørsmål om enkeltpunkt eller svara sine – dette er ingen tentamen! – eller dersom det skulle oppstå tekniske problem. Elevane bør fullføre utfyllinga i løpet av økta, fordi dei ikkje kan lagre svara sine eller logge

seg på ein annan gong. Fordi dette ikkje er ei prøve, kan ulike elevar fylle ut spørjeskjemaet til ulike tider. Det vil vere ein periode på fire veker der alle elevane i klassa kan fylle ut spørjeskjemaet.

Det er viktig at ein motiverer elevane så mykje som mogleg til å fylle ut spørjeskjemaet. Du kan begynne med å forklare formålet med kartlegginga og kor viktig det er at dei svarer ærleg og alvorleg på spørsmåla som blir stilte, og med å seie at det ikkje finst verken rette eller feil svar. Fortel dei også at du vil stå klar til å hjelpe dersom dei har spørsmål eller støyter på problem mens dei fyller ut spørjeskjemaet.

b) ADMINISTRERING AV LÆRARANE OG REKTOREN SINE SPØRJESKJEMA

Du ønskjer kanskje først å informere lærarane om det generelle formålet med kartlegginga, og at kartlegginga ikkje tek lang tid. Du finn eit brevkast i vedlegg C.

Deretter kan du dele ut brukar-ID-ane og passorda til rektoren og den utvalde læraren eller dei utvalde lærarane. Dei kan fylle ut spørjeskjemaet heimanfrå dersom det passar betre. I motsetnad til elevane kan dei lagre svara sine og logge på ein annan gong for å fylle ut eller endre svara sine, dersom dei ønskjer det.

8. OPPGÅVE 4: OPPFØLGING AV KARTLEGGINGA

Hugs å sørgje for at rektor på skulen og alle elevane og lærarane fyller ut spørjeskjemaet før systemet blir stengt (i slutten av november).

Den nasjonale koordinatoren kan halde oppsyn med kor mange spørjeskjema som blir fylt ut av elevane på kvar skule. Dei er der for å hjelpe deg, så ikkje ver redd for å kontakte han eller henne.

Adressa til skulen

Dato

Kjære forelder eller verje

Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen

Eg skriv til deg for å opplyse deg om at skuleklassa til barnet ditt har blitt vald ut til å ta del i ei spørjeundersøking som blir gjennomført av Det europeiske skulenettet (EUN) på vegne av Europakommisjonen. Det europeiske skulenettet er eit nettverk av utdanningsdepartement som jobbar for å forbetre undervisning og læring i skulane.

Den nettbaserte spørjeundersøkinga har som formål å samle inn informasjon om unge menneske sin bruk av teknologi for å lære. Ho skal fyllast ut på skulen tidleg på haustparten, og utfyllinga vil ta rundt 15 minutt. Ingen person eller skule kan identifiserast ut frå svara, og ingen sensitive opplysningar vil bli samla inn.

Svara vil bli brukt til å gi skular, utdanningsdepartement og Europakommisjonen verdifull informasjon og bidra til å gi undervisning av høg kvalitet til unge menneske i det 21. hundreåret.

Skulen vår har sagt seg villig til å delta i undersøkinga, fordi vi trur at resultatata vil gagne elevane våre. Eg vil derfor vere takknemleg dersom du kunne fylle ut og levere tilbake samtykkeerklæringa innan <DATO>.

Ikkje nøl med å kontakte skulen dersom du har spørsmål.

På førehand takk for støtta.

Med vennleg helsing

Rektor

Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen

Samtykkeerklæring

Eg samtykker i at barnet mitt kan delta i Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen.

Namnet til barnet:.....

Underskrifta til forelderen:.....

Dato:

Adressa til skulen

Dato

Kjære forelder eller verje

Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen

Eg skriv til deg for å opplyse deg om at skuleklassa til barnet ditt har blitt vald ut til å ta del i ei spørjeundersøking som blir arrangert av Det europeiske skulenettet (EUN) på vegne av Europakommisjonen. Det europeiske skulenettet er eit nettverk av utdanningsdepartement som jobbar for å forbetre undervisning og læring i skulane.

Den nettbaserte spørjeundersøkinga har som formål å samle inn informasjon om unge menneske sin bruk av teknologi for å lære. Ho skal fyllast ut på skulen tidleg på haustparten, og utfyllinga vil ta rundt 15 minutt. Ingen person eller skule kan identifiserast ut frå svara, og ingen sensitive opplysningar vil bli samla inn.

Svara vil bli brukt til å gi skular, utdanningsdepartement og Europakommisjonen verdifull informasjon og bidra til å gi undervisning av høg kvalitet til unge menneske i det 21. hundreåret.

Ikkje nøl med å kontakte skulen dersom du har spørsmål.

På førehand takk for støtta.

Med vennleg helsing

Rektor

Til lærerar som deltek i Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen

Kjære kollega

For første gong blir det no gjennomført ei systematisk kartlegging av europeiske skular sin tilgang til og bruk av informasjonsteknologi i undervisninga, og følgjene av slik teknologi. Du har blitt vald ut til å delta, og vi takkar deg på førehand for at du samarbeider.

Den europeiske kartlegginga av IKT og utdanning i skulen blir finansiert av Europakommisjonen sitt direktorat for informasjonssamfunnet og media, med støtte frå europeiske utdanningsdepartement. Kartlegginga blir utført av Det europeiske skulenettet (EUN) og Universitetet i Liège. Formålet er å identifisere framsteg i tilgangen til og bruken av IKT i 31 europeiske land, for dermed å utvikle oppdaterte og nøyaktige indikatorar og overvakingssystem for skulane sin undervisningsteknologi. Den nettbaserte undersøkinga skal gjerast frå september til november 2011, og utfyllinga vil ta rundt 20 minutt.

Informasjon som du oppgir, blir brukt berre i denne kartlegginga, og privatvern og datasikkerheit er sikra. Ingen enkeltperson vil kunne identifiserast. Kartlegginga skal få fram informasjon som blir verdifull ved planlegginga av undervisninga, og ved avgjerdstaking vedrørande utplasseringa, handteringa og bruken av teknologi. Resultata av kartlegginga skal publiserast i nasjonale og internasjonale rapportar i 2012. Skulekoordinatoren kan gi meir informasjon, besøk også gjerne nettstaden for undersøkinga: <http://essie.eun.org>.

Skular har mykje å gjere, og vi gjer det som er mogleg for at forstyrringa skal bli minimal.

Vi set stor pris på samarbeidsviljen og støtta di.

[[[UNDERTEIKNA]]]